



Kirkerådet Den norske kirke

Dato: 08.11.2018

Vår ref: 18/04033-8

Dykkar ref:

## Bjørgvin bispedømmeråd - svar på høyring om fordelingsnøklar

### 45/18 Bjørgvin bispedømmeråd - Høyring om ny fordelingsnøkkel mellom bispedømmeråda av tilskot til kyrkjelydspresteteneste

#### Vedtak

Bjørgvin bispedømmeråd gjev si tilslutning til ny fordelingsnøkkel med følgjande merknader:

Til spørsmål 1: Bjørgvin bispedømmeråd gjev sin tilslutning til arbeidet slik det er gjort. Ein vil samstundes understreke at ein må vere varsam med store endringar i kva vekt dei ulike kriteria får. Tryggleig over tid på kva ein skal styre etter vil vere viktig.

Til spørsmål 2: Bjørgvin bispedømmeråd har ingen merknader på dette spørsmålet ut over at ein har forventning til at nye kriterier blir lagt med tanke på heilskapen og med langsiktig mål om å vere landsdekkande kyrkje i åra som kjem.

Til spørsmål 3:

a) Bjørgvin bispedømmeråd meiner parameterane er gode.

b) Det er likevel noko uklart i kva grad det er teke omsyn til kateketressursar og diakonressursar. Dette gjeld særleg når ein innfører levekår og folketal som ei vekting. Vi støttar at sokn ikkje er eit kriterium, men at ein i staden nyttar tal på kyrkjer.

Distriktsomsyn er vanskeleg å vekte med kriterier og difor bør det vere eit skjøn på om vektinga er riktig med omsyn til dette. Vi er usikre på om folketal skal vektast, då det ikkje gjev nokon direkte grunnlag for strategisk riktige val, i seg sjølv.

c)Områder som har strategisk vekt, til dømes rekruttering eller sosiale kår, bør ein vere varsam med å ta inn i eit grunnlag for fordeling av driftsmidlar. Det bør i større grad vurderast på grunnlag om det oppfyller dei mål ein set. Til dømes kan verkemiddel nyitta i Nord Troms og Finnmark på rekruttering vere aktuelle for nokre andre stader som og slit med rekruttering. Det kan samstundes vere slik at det å styrke dei som arbeider godt med rekruttering er ein betre strategi. Tiltak som aukar rekruttering til kyrkjelydsutdanning er viktigare enn tiltak som fordeilar mot områder som slit med rekruttering. Dette som døme på at ein bør vere varsam med å fordele på måtar som ikkje nødvendigvis sikrar ønska resultat.

Til spørsmål 4: Bjørgvin bispedømmeråd tilrår ikkje at det skal utarbeidast ein fordelingsnøkkel for spesialpresttenesta. Gjer ein det, må ein vere eins om kategoriane, til dømes at det berre gjeld studentprest- og fengselsprestteneste. Det bør synleggjerast at det er grunnlag til omfordeling på dette området før ein gjer dette. Forslaget slik det ligg føre kan gje mykje administrasjon. Endringar på desse områda bør ikkje reviderast for ofte.

Til spørsmål 5: Bjørgvin bispedømmeråd meiner det er for tidleg å sjå på fordelinga av midlar i gruppe 1A, 1B, 2 og 3. Det må ligge eit stabilt nivå som alle partar kan styre langsiktig etter.

Spørsmål 6: Bjørgvin bispedømmeråd gjev si tilslutning til konklusjonen i rapporten, med ny fordelingsnøkkel.

Spørsmål 7: Bjørgvin bispedømmeråd vil meine at ny fordelingsnøkkel bør gjelde frå 2020. Sak om fordelingsnøklar mellom bispedømmeråda er så viktig at Kyrkjeråde regelmessig må evaluera desse.

Med helsing

Jan Ove Fjellveit  
stiftsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Mottakere:  
Kirkerådet Den norske kirke